



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 08.05.2025.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 08.05.2025.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Andreas Elster, Jens Ole Årdal, Jofrid Nordstrand Forthun, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes.

Forfall: Arvid Solås, Sjur Håvard Øygard.

Kopi av protokollen går til:

Medlemar i KSR, kyrkjeverja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjenning av referata frå møte 13.02.2025 og fellesmøte 19.03.25

Sidan sist. Postlista.

Soknepresten har ordet.

Vedtakssaker.

Meldingssaker.

Ymse.

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ei ekstra meldingssak, 25012/25

Godkjenning av referat frå møte 13.02 og fellesmøte 19.03:

Eit medlem har ikkje fått forrige referat, elles ingen merknader.

Sidan sist:

Medlemene orienterte om aktivitetar dei har vore med på:

Gudstenester og kyrkjevertsrolle, samtalegudsteneste, skulebesøk i kyrkja, fasteaksjonen, påskenattsgudsteneste, Alfa-prosjekt.

Det var 17 stk på dugnad ved Kyrkjebø og 9 stk. ved Vadheim. Dette er bra!

Postlista:

Det har vore ein del kommunikasjon med medlemene i samband aktivitetar i soknet. Noko post er kome inn i form av informasjon og reklame.

Presten har ordet:

Presten snakka om påskenatt og forteljingar omkring denne.

Vedtakssaker:

Sak: 005/25: salmekveld i høve 100-års markering for Nynorsk salmebok.

Nynorsk salmebok er 100 år i år og mållaget er interessert i eit samarbeid rundt ei markering i høve dette.

Medlemene lufta sine tankar omkring tema og stemninga var positiv.

Det var stemning for at ein ville freiste å trekke inn eit par musikalske utøvarar frå nabokommunen, som ein allereie har kontakt med. Vidare ser ein føre seg eit samarbeid med lokale utøvarar og å framstille det heile til ei musikalsk vandring.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vil samarbeide med mållaget om ei 100-årsmarkeing for Nynorsk salmebok. Aktuell dato for tilskipinga kan vere torsdag den 11.09.2025.

Ansvar for å fylgje opp saka har: Sturla, Ole-Ivar samt ein medlem frå mållaget.

Meldingssaker:

25009: Årshjulet 2025.

Medlemene tok føre seg årshjulet framover.

Ynskje om endringar i gudstenesteplanen vart tekne til fylgje.

Vidare vart kyrkjevertsroller fram til august fordelte.

Den planlagde friluftsgudstenesta i Måren vart diskutert.

Andreas kontaktar tidlegare medhjelparar angående gjennomføring av gudstenesta.

Vedrørende friluftsgudstenesta på Vadheimsstølen, tek Sturla kontakt med grunneigar og undertekna kan vere kyrkjevert.

Det vil bli arrangert opa kyrkje to gongar i juni mnd. og to gangar i august mnd.

Ein tek sikte på at lokale utøvarar kan bidra med innslag og ein vil ta kontakt med desse etterkvart. Medlemar og andre blir oppfordra til å komme med forslag til aktørar.

På generelt grunnlag kom det fram ynskje om at det er viktig at soknet nyttar ressursane sine best mogeleg. I samband dette er det planlagd felles minnegudsteneste ved Kyrkjebø kyrkje, der Høyanger er invitert. Likeeins vart det på nytt sett spørsmålsteikn ved om noverande antal gudstenester ved Vadheim Bedehus var rett ressursbruk, grunna liten oppsluttnad, men dette vil ein komme tilbake til. Korrigert årshjul vil komme.

25010: Trusopplæring og mogeleg samarbeid med nabokommunane.

Personalsituasjonen ved kyrjekontoret har vore utfordrande grunna sjukdom og leiar gjorde greie for korleis dette har vore løyst fram til i dag. Ein ser det som viktig at dette ikkje går ut over trusopplæringa i sokna.

Kyrkjevevja har god kontakt med kommunen om saka og ved hjelp av omprioriteringar og samarbeid med kyrjekontor i nabokommunar, har aktivitetane gått sin gang.

Parallelt med dette foregår det ei sak der ein i samarbeid med kommunane Fjaler og Askvoll freistar å opprette ei felles trusopplærarstilling, men denne saka er pr. dato ikkje slutført, m.a pga økonomi. Kyrkjevevja arbeider vidare med saka.

25011: Fasteaksjonen, gjennomføring og resultat.

Fasteaksjonen vart gjennomført den 6-8 april og det er kome inn kr. 21266.- Dette er noko mindre enn i fjor, men likevel eit godt resultat!

Gjennomføringa til fasteaksjonen gjekk fint og ei stor takk til alle som bidrog!

25012/25: Gudstenester i jula.

Er det rett prioritering å ha gudstenester på alle stader i sokna julafta, medan det ikkje er gudstenester på dei andre høgtidsdagane i jula?.

Ville det ikkje vere naturleg å ha gudstenester på ein av dei påfylgjande heilagdagane og heller sløyfe nokon av gudstenestene på julafta?.

Saka vart lufta mellom medlemmane. Ein ser det uheldige ved at julafta kan bli ein stressande dag for både prest, kyrkjevertar, tilsette og for så vidt publikum, men medlemmane meiner også at det er viktig å ivareta tradisjonar på ein dag der det er så mange som ynskjer å gå til gudsteneste.

Inntil vidare ser medlemmane at det er best å halde på noverande tradisjon, med gudstenester i alle kyrkjer og bedehusapellet på julafta.

Ymse:

Rosebedet utanfor kyrkjetrappa.

Dette er i dårleg tilstand og det vart stilt spørsmål ved om det bør fjernast.

Saka vert teken opp att til hausten.

Kyrkjeportar:

Desse er ferdigbehandla, men ved prøvemontering, synt det seg at ein lyt flytte nokre hengsler, for å unngå saksing.

Dette er under arbeid og ein tek sikte på ferdigstilling til nasjonaldagsfeiringa.

Referent

Jens Ole Årdal

soknerådsmedlem.